



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 08.02.2012  
**Møtetid:** 13.00 - 14.15  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 10 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Björg Tvedterås	Ingen

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

Adm.sjef Tone Ramsli, stabssjef Jan Erik Boge
---

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<u>Nytt medlem i utvalet</u> Toralf Enes frå Utdanningsforbundet er nytt medlem i administrasjonsutvalet, etter utvidinga frå to til tre tilsettrepresentantar i utvalet frå 2012.  <u>Sjukefråværsprosjekt pleie og omsorg</u> Tone Ramsli orienterte om status for arbeidet.
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<u>Utlysings- og tilsetjingsprosedyrer</u> Brikt Olav Gåsdal bad om informasjon om kommunen sine tilsetjingsreglar og rutinar. Spørsmålet gjaldt spesielt rutinar og praksis knytt til mellombels tilsette, mellom anna om varsling til mellombels tilsette som ikkje får halda fram i kommunen når arbeidsavtalen går ut. Jan Erik Boge orienterte om kommunen sine rutinar innanfor desse områda.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15.02.2012

Desse sakene vart handsama:

## **SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
001/12	12/107	Faste saker	
002/12	12/69	Revisjon av lønspolitisk plan 2012 - oppstart og tidsplan	
003/12	12/85	Administrasjonsutvalet - planlegging og prioritering av oppgåver/aktivitetar	

**SAKNR. 001/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**08.02.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

**ADM-001/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 002/12**

**REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN 2012 - OPPSTART OG TIDSPLAN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Del II av lønspolitisk plan skal reviderast av administrasjonsutvalet våren 2012. Arbeidet med revisjonen vert lagt opp som følgjer:

1. Kommuneadministrasjonen kallar dei hovudtillitsvalde i Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet inn til eit oppstartmøte i første halvdel av februar 2012. Der får fagforeiningane høve til å koma med innspel til arbeidet med revidering av del II av lønspolitisk plan.
2. Kommuneadministrasjonen sender ut brev til einingsleiarar og alle fagforeiningane som har tilsette i kommunen, der dei vert bedne om å koma med forslag til endringar i del II i lønspolitisk plan. Frist for innmelding av forslag vert ca. 01.03.2012
3. Kommuneadministrasjonen utarbeider utkast til revidert del II av lønspolitisk plan.
4. Utkastet vert drøfta med dei hovudtillitsvalde. Frist 30.03.2012.
5. Etter drøftingsmøtet gjer kommuneadministrasjonen eventuelle endringar i forhold til "første utkast" til revidert lønspolitisk plan.
6. Framlegget vert lagt fram for behandling i administrasjonsutvalet 18.04.2012.

**08.02.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

På spørsmål frå Brigte Olav Gåsdaal orienterte Jan Erik Boge om bakgrunnen for at kommuneadministrasjonen meiner det er nødvendig å revidera del II av lønspolitisk plan i 2012.

Samrøystes vedtak.

## **ADM-002/12 VEDTAK:**

Del II av lønspolitisk plan skal reviderast av administrasjonsutvalet våren 2012. Arbeidet med revisjonen vert lagt opp som følgjer:

1. Kommuneadministrasjonen kallar dei hovudtillitsvalde i Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet inn til eit oppstartmøte i første halvdel av februar 2012. Der får fagforeiningane høve til å koma med innspel til arbeidet med revidering av del II av lønspolitisk plan.
2. Kommuneadministrasjonen sender ut brev til einingsleiarar og alle fagforeiningane som har tilsette i kommunen, der dei vert bedne om å koma med forslag til endringar i del II i lønspolitisk plan. Frist for innmelding av forslag vert ca. 01.03.2012
3. Kommuneadministrasjonen utarbeider utkast til revidert del II av lønspolitisk plan.
4. Utkastet vert drøfta med dei hovudtillitsvalde. Frist 30.03.2012.
5. Etter drøftingsmøtet gjer kommuneadministrasjonen eventuelle endringar i forhold til "første utkast" til revidert lønspolitisk plan.
6. Framlegget vert lagt fram for behandling i administrasjonsutvalet 18.04.2012.

## **SAKNR. 003/12**

### **ADMINISTRASJONSUTVALET - PLANLEGGING OG PRIORITERING AV OPPGÅVER/AKTIVITETAR**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **08.02.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Marit Aase orienterte om at ho ønskjer at administrasjonsutvalet skal finna saker/tema som utvalet kan arbeida aktivt med og engasjera seg. Ho meiner det er viktig at utvalet ikkje berre sender "bestillingar" til kommuneadministrasjonen. Ho lanserte ein idè om at utvalet til dømes kan arbeida med temaet fokehelse, i ein eller annan samanheng.

Brigt Olav Gåsdaal la spesielt vekt på kommunen si rolle som lærlingebedrift, at det er viktig at me har fokus på dette. Kommuneadministrasjonen fekk spørsmål om det er mogleg å skriva ei sak om dette temaet til neste møte, noko Tone Ramsli stadfesta.

Marit Aase foreslo at neste møte i utvalet vert halde på helsetunet. Det var semje i utvalet om dette.

Marit Aase la fram følgjande framlegg til vedtak:

*Utvalet ber om å få belyst lærlingeordninga generelt og spesielt erfaringar/utfordringa Samnanger kommune har hatt i seinare tid. Kva med ander fagområde enn dei me har hatt hittil?*

*På første møte i utvalet drøfta vidare eventuelt engasjement i høve til folkehelse.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ADM-003/12 VEDTAK:**

Utvalet ber om å få belyst lærlingeordninga generelt og spesielt erfaringar/utfordringa Samnanger kommune har hatt i seinare tid. Kva med ander fagområde enn dei me har hatt hittil?

På første møte i utvalet drøfta vidare eventuelt engasjement i høve til folkehelse.